

A. 129

grov.

Dokument.
06800 - 9.12.64
NORDHORDLAND
SØRENKRIVAREMBETE

Skyldskifte

Laur dag den 28. november 1964 heldt me underskrivne, som er oppnemnde av lensmannen, skyldskifte på garden Totland

gr.nr. 174 br. nr. 6 med skyld mark 2,25 i Lindås herad.

Johannes K.F. Totland har kravt skyldskifte og har grunnboksheimel til egedomen.¹⁾

Oppnemninga av skyldskiftemennene ligg ved. Dei har gjeve skjønsmannslovnad som²⁾

xx

Desse møtte:³⁾ Johannes K.J. Totland.

Grannar var varsla, men møtte ikkje.

Til formann vart vald Leif J. Rydland.

Opplysningar om den/det/part/partar av egedomen som er fråskild:

1.⁴⁾ Vidd: Dyrka jord 0,9 dekar, naturleg eng og kulturbeite = dekar, produktiv skog - dekar, anna vidde - dekar — i alt 0,9 dekar.

2. Grensene⁵⁾ til den/det fråskilde part/partar Grenselina tek til i i grensa mot bnr. 5 si utmark og går 3,6 m i vestleg leid til nedsett merkestein m.v, og vidare i same leid 24,4 m til nedsett merkestein m.v. Her vinklar lina og går i nordleg leid 35 m til nedsett merkestein m.v. Her vinklar lina og går i austleg leid 28 m til nedsett merkestein m.v. i grensa mot bnr. 12. Her vinklar lina og går 4,8 m i sudleg leid langs grenselina mot bnr. 12 til grensa mot bnr. 5 og vidare etter denne lina 25,5 m til utgangspunktet.

- 1) Utan at den som har kravt skyldskifte har grunnboksheimel, eller det er sagt dom for at han eig den fråskilde egedomen, kan ikkje skyldskiftet godtakast til tinglysing. (§ 1 i lov om skyldskifte.)
- 2) Er det nokon av skyldskiftemennene som ikkje har gjeve slik lovnad som er nemnt i § 20 i lov nr. 1 frå 1917, skal han før tenesta tek til, skriva under ei fråsegn med denne ordlyden: «Eg lovar at eg i alle saker vil gjera tenesta mi som skjønsmann samvitsfullt og etter beste overtyding den..... 19..... (underskrift).» Denne fråsegna skal sendast til sorenskrivaren saman med skyldskiftedokumenta.
- 3) Er det nokon av grannane eller partane i skyldskiftet som ikkje møter, må ein her skriva om det er prova at dei er varsla. Like eins om det er grannar ein har funne det uturvande å varsla (§§ 2 og 8 i skyldskiftelova).
- 4) Oppgåve over vidd o. a. gjev ein berre når vidda er meir enn 2 dekar (jfr. § 9 i skyldskiftelova).
- 5) Sjå §§ 3 og 8 i skyldskiftelova. Ein skal ikkje skriva grensene mot granneeigedommen utan at eigaren er til stades og samtykkjer i det som vert skrive.
Har nokon av partane kravt at skyldskiftemennene skal avgjera sjølve markeskiilet, samstundes med skyldskiftet, (§ 7 i lova), må dei her skriva det som trengst. Det må ikkje skipast bruksrett eller servitutt i skyldskiftet, utan at heftet er vedteke skriftleg av den som har grunnboksheimel til den egedomen heftet gjeld (§ 5 i lova).